

## **Referat FAU-møte 18.09.25**

Til stades: Gerd Rusdal, Jon Harald Ødegård Egeland, Bodil Hobberstad Knutsen, Arnfrid Bjelland, Silje Taksdal, Borghild Bjørkmo, Øyvind Søyland og Gerd-Toril Hegre Berg

### **Sak 1 – Avstemming for endring av 17. mai-komite**

Forslag til vedtak: 17. mai-komiteen er 6. trinnsforeldre. Vedtaket gjeld frå og med 01.01.2026.

Opptalte stemmer:

1. trinn – 5 stemmer for og 1 blank
2. trinn – einstemmig for
3. trinn – einstemmig for
4. trinn – einstemmig for
5. trinn – 9 for, 3 mot og 2 blank
6. trinn – 9 for og 1 mot
7. trinn – einstemmig for

Det har vore ueinigheiter om korleis overgangsåret 2026 skal føregå. 6. trinn har ønska at 6. og 7. trinn skal arrangera saman, medan 7. trinn har ønska at 6. trinn skal overta med ein gong.

6. trinn opplev at 7. trinn ikkje vil samarbeida, og synest det er ubehageleg. Dermed ønskjer 6. trinn å ta ansvaret aleine.

7. trinn kjenner på ubehag over at andre meiner dei vil “sleppa unna” dugnad, og at grunnlaget for kvifor dei ikkje vil vera med ikkje blir trudd (tida er knapp for å få nytta pengane då rekneskap ikkje er klart før klassen er ferdig på Undheim skule). 7. trinn er på tilbodssida med å hjelpa ved behov, men meiner det er unødvendig med ein glidande overgang i ein strukturendring. Tilbakemelding frå elevrådsrepresentant på 7. trinn er at elevane sjølv ikkje ønskjer eit samarbeid med 6. trinn.

FAU har gjort saksgangen i beste meining, men ser, nå i etterkant, at dei skulle vore ute på foreldremøte på dei ulike trinna i byrjinga når forslaget kom opp.

Innstilling: 6. trinn tek 17. mai frå året 2026.

## **Sak 2 – Høyringsak om paragrafar i Opplæringslova**

Forskrift om hovudmål på dei kommunalea grunnskulane: Undheim skule ønskjer at skulen skal vera nynorskskule, og at Time kommune skal vera nynorskkommune.

Forskrift om skulefritidsordninga for grunnskulane i Time kommune: Ingen innspel.

Forskrift om permisjon frå skulen: Ingen innspel.

## **Sak 3 – Smarttelefon og sosiale medium**

FAU-representantane hadde innslag om smarttelefon og sosiale medium i klassane på foreldremøte for å få ei bevisstgjerings rundt problematikken. Me vil vera observante på webinarar og diverse som kan vera aktuelle. Dette kan leggjast ut på klassane sine Facebook-sider eller skulen si heimeside. FAU diskuterte moglegheita om å få inn eksterne føredragshaldarar til felles foreldremøte.

## **Sak 4 – Diverse**

- Skulen skal arrangera innsamlingsaksjon iht TV-aksjonen 15. oktober. Spørsmål om FAU har moglegheit til å vera med. Maten skal vera klar 11.00-11.20.

FAU stillar med grill, grillkol, pølser og 3 personar. Elevane tek med seg drikke sjølv.

- Det har kome opp spørsmål knytt til beløp for gåve i selskap. FAU vil diskutera eventuelle retningslinjer om dette i neste møte.
- Diskusjonar rundt vennegrupper i ulike klassar. FAU vil diskutera eventuelle retningslinjer om dette i neste møte. Rektor gjer obs på at det er nedfelt i tidlegare vedtekter frå FAU at 1.- 4. trinn skal ha vennegrupper.

## **Sak 5 – Neste møte**

Neste møte vert 20.11.25.

Sakar: Retningslinjer frå FAU om bursdagsfeiring og vennegrupper.

Referent Gerd-Torill Hegre Berg